




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Stranda vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2023-24



# Innhaldsliste

<b>1. Rektor har ordet</b>	<b>2</b>
<b>2. Nøkkellopplysningar om skolen</b>	<b>4</b>
2.1 Organisasjonen	4
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	4
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	5
<b>3. Læringsmiljø</b>	<b>7</b>
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	7
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	8
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	8
<b>4. Skoleårsresultat</b>	<b>10</b>
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	10
4.2 Karaktersnitt	11
4.3 Fråvær	12
4.4 Elevar som har slutta	12
4.5 Overgangar	14
<b>5. Leiing og profesjonsutvikling</b>	<b>15</b>

# 1. Rektor har ordet



**Stranda vidaregåande skule er 50 år i 2024**, og vi feira i august med reunion for tidlegare og noverande elevar og lærarar i hotellhagen på Stranda Hotell. Grunnlaget for utbygging av det vidaregåande skuleverket i 70-åra var den politiske målsettinga om ein desentralisert skulestruktur og lovfesta rett til treårig vidaregåande opplæring. Det vart tillagt stor verdi at elevane kunne velje eit skulealternativ nær heimen. Skulereforma frå oppstartsåret 1974 vart avløyst av den modellen vidaregåande opplæring i dag byggjer på, Reform -94. Stranda vgs har gjennom eit halvt hundre år hatt ei målsetting om å gi ungdomen i distriktet eit godt utdanningstilbod, og har i framtida målsetting om fortsett vere ein god lærestad for elevane som søker skulen.

Stranda vidaregåande skule tilbyr skuleåret 2023/2024 fem av utdanningsprogramma i Kunnskapsløftet. Skulen har som mål å vere det opplagte førstevalet for ungdomane på indre Sunnmøre, og ei bredde i utdanningstilboden og kvalitet på opplæringa er to sentrale føresetnader for at elevane i regionen både ønskjer og har høve til å velje nærskulen sin. Skulen hadde 138 elevar skuleåret 2023/2024, og 29 godt kvalifiserte tilsette med eit sterkt engasjement for skulen og elevane.

Vi har dei siste åra hatt fokus på å skape eit trygt og inkluderande læringsmiljø gjennom gode lærer-elev relasjonar og gode elev-elevrelasjonar. Målet for utviklingsarbeidet på skulen er at elevane skal lære meir, gjennom fagleg læring og sosial læring, og ta meir ansvar for eiga læring og eigne læringsprosessar. Vi er ein skule der elevane får tett oppfølging frå kontaktlærarar. Rådgjevar arbeider aktivt med å gi elevane våre

karriererettleiing gjennom rådgjeving og veiledning, og oppfølging gjennom karriereverktøyet WIE, dette arbeidet følgjer kontaktlærarane opp. Vi arbeider kontinuerleg med god vurderingspraksis og undervegsvurdering, og er godt i gang med Kompetanseløftet for inkluderande praksis og tilpassa opplæring.

Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma vi tilbyr er Helse- og oppvekstfag, Restaurant og matfag og Naturbruk på Vg1, Helsearbeidarfag og Matproduksjon/Kokk og servitør/bakar og konditor på Vg2. Frå skuleåret 2023/2024 var Vg2 Akvakultur nytt studietilbod på skulen. Søkjartal til dette tilbodet var godt, og våren 2024 gjekk 12 av 13 elevar ut i ei lærlingkontrakt innafor akvakulturfaget og fiskerifaget. Gjennom eit nært og godt samarbeid med lokalt næringsliv og kommunane i regionen har elevane på Vg1 og Vg2 i dei yrkesfaglege studieprogramma våre mykje relevant opplæring ute i ulike bedrifter. Dette gir eit godt grunnlag for val av lærlingkontrakt og lærebodrift.

Dei studieførebuande utdanningsprogramma vi tilbyr er Idrettsfag og Studiespesialisering. Søkinga til desse to tilboda har jamt over vore god, og hausten 2023 starta 26 elevar på Vg1 idrettsfag. Vi har eit breitt programfagstilbod innafor realfag, språk og samfunnsfag, og økonomifag på studiespesialisering, og eit breitt tilbod innafor toppidrett, breidddeidrett og friluftsliv på idrettsfag. Vi har eit godt samarbeid med Vestborg vidaregåande skule, det er gangavstand mellom skulane, og vi samarbeider innafor språkfaga tysk og spansk og programfag på studiespesialisering. Dette gjer at elevane våre har eit breitt utval av programfag.

Skulen vår ligg i eit distrikt med mykje internasjonalt reiseliv og eksport retta næringsliv. Vi gir elevane på alle utdanningsprogram moglegheiter til å utvikle relevant språkleg og kulturell kompetanse gjennom faga på skulen og gjennom ulike internasjonaliserings prosjekter. Dei siste 15 åra har vi hatt internasjonalisering på planen for studiespesialisering og idrettsfag. Dei siste 10 åra i form av eit samarbeid med ein skule i Nederland og ein skule i Spania. Dette er eit utvekslingsprogram der vi besøker dei, og dei kjem hit på besøk for å oppleve vinteren og verdsarvfjorden Geiranger. Hausten 2023

starta vi opp eit internasjonaliseringsprosjekt for Restaurant og matfag og Helse og oppvekstfag i Kalmar i Sverige.

Vi starta også opp to samarbeidsprosjekt med Stranda Ungdomsskole hausten 2023. Det eine prosjektet er eit samarbeidsprosjekt om ein felles grønsakhage, og involverer studietilboda Naturbruk og Restaurant og matfag her på skulen og Arbeidslivsfag og Mat og helse på ungdomsskolen. Dei to tverrfaglege tema Berekraftig utvikling og Folkehelse og livsmeistring er og ein del av dette samarbeidsprosjektet. Det andre er eit prosjekt mellom toppidrett e-sport her på skulen og fysisk aktivitet og helse på ungdomsskolen.

## 2. Nøkkellopplysningar om skolen

### 2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	21
Tal på årsverk i leiistarillingar	3 + 1 merkantil konsulent
Tal på årsverk andre tilsette	3 fagarbeidrarar +1 kantinemedarbeidar

Skulen har tre tilsette i leiinga og ein merkantil konsulent. Ein IT konsulent og ein driftsansvarleg i ei delstilling. Det faglege ansvaret og personalansvaret for lærarane er fordelt mellom leiinga. I det pedagogiske personalet var det 7 lektorar, 11 adjunktar, 3 faglærarar og 3 fagarbeidrarar/elevassistentar. Skulen har ein medarbeidar tilsette i kantina i 89% stilling. Kjønnsfordelinga i personalet var 17 kvinner (59 %) og 12(41 %) menn.

### 2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Studiespesialisering	15	12	6	33
Idrettsfag	26	16	18	60
Helse og oppvekstfag	5	-	-	5
Restaurant og matfag	-	7	-	7

Naturbruk	15	13	-	28
Total	61	48	24	133

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	6
-----------------------------------------------------	---

Skulen har hatt eit forholdsvis stabilt antall elevar dei siste åra. Elevtalet gjekk opp i 2023/2024, ein grunn til det er ei ny klasse på Vg2 Akvakultur og mange søkerar til Vg1 Idrettsfag. Skulen hadde 133 elevar fordelt på dei 5 studieprogramma.

## 2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

### 2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2022-23	2023-24	Fylket 2023-24
0 eller ingen	2,0%	8,5%	6,3%
0 – 25	0,0%	0,0%	2,8%
25 – 30	1,9%	6,8%	5,9%
30 – 35	9,4%	6,8%	11,7%
35 – 40	24,5%	22,0%	17,4%
40 – 45	20,8%	18,6%	21,4%
45 – 50	24,5%	22,0%	19,4%
Over 50	15,1%	15,3%	15,1%

### 2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Stranda vidaregåande skule	41,7	42,7	44,2	42,9	42,0
Fylket	41,1	42,3	42,2	42,5	41,4

### **2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse**

Figuren viser inntakspoeng frå grunnskulen ved inntak til Vg1 på Stranda vgs skuleåret 2023/2024, og er gjennomsnittleg tall for heile skulen. Gjennomsnittleg poengsum har lege forholdsvis stabilt dei siste åra, og ligg litt over snittet for fylket.

# 3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

## 3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Elevundersøkinga blei gjennomført hausten 2023 i veke 49. Skulen fekk eit resultat om lag som året før, med ein liten framgang på nokon indeksar og ein liten tilbakegang på andre indeksar.

Elevane ved Stranda vgs gir uttrykk for stor grad av trivsel på skulen, og denne indikatoren har gått opp frå skuleåret 2022/2023. Elevane våre opplever god støtte frå lærarane sine og god støtte frå heimen. Indikatoren for dei faglege utfordringar elevane møter og den læringskulturen vi har på skulen viser høg grad av tilfredse elevar, og dei opplever eit læringsmiljø der indikatoren for felles reglar viser høg score. Elevane opplever ei høvesvis høg grad av meistring, medan motivasjonen deira har ei noko lågare score.

Elevane si oppleving av tilrettelegging for elevdemokrati og i kva grad dei har medverknad har utvikla seg positivt dei siste åra. Dette gjeld både medverknad gjennom elevrådet og i dialogen med lærarane om retningslinjer for eit godt læringsmiljø, for arbeidsmetodar i faga og vurdering for læring. Indeksane for elevdemokrati og medverknad og vurdering for læring har gått litt opp frå skuleåret 2022/2023, og vi vil fortsette å arbeide for elevdemokrati og elevmedverknad gjennom skuleutvikling for å bli betre på dette. Eit av prosjekta vi arbeider med i samanheng med dette er elevstyrte utviklingssamtalar og elevstyrte fagsamtalar. Skulen legg til rette for opplæring av medlemmane i elevrådet og i elevrådsstyret i godt samarbeid med fylkeskommunen sitt elev- og lærlingombod.

Dei aller fleste elevane trivst godt på skulen. Vi har ein eigen plan for arbeidet med å fremje eit trygt og godt læringsmiljø, og elevane har medverknad i utarbeiding av

retningslinjer for eit godt læringsmiljø. Som metodikk for å fremje eit inkluderande og godt læringsmiljø brukar vi læringspartnar og læringsgrupper. Særskilt sårbare elevar blir følgt opp individuelt av kontaktlærar i samarbeid med ressursteam, PPT og helsejukepleiar.

## 3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	2
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

I elevundersøking viser indikatoren for trivsel, læringskultur og felles reglar høg score. Vi opplever frå tid til anna elevar som opplever at dei ikkje har eit trygt og godt læringsmiljø. Skuleåret 2023/2024 hadde vi to saker der vi utarbeidde aktivitetsplanar etter §9A-4 i opplæringslova. Skuleleiinga, PPT og kontaktlærarane gjer eit godt arbeid på individnivå og systemnivå i samarbeid med elevane og foreldra når det gjeld slike saker.

## 3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	7
Møter i skolemiljøutval	4
Møter i skoleutval	0

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	Ja

Skolemiljøfokus er sentralt i opplæringa og involveringa av elevrådet. Både elevrådet og skolemiljøutval får informasjon om læringsmiljøet og skolemiljøet gjennom undervisningsevalueringa og elevundersøkinga, og blir invitert til å bidra med vurdering og framlegg til handlingsplan med tiltak. Alle elevar på skulen får informasjon om , og moglegheit til å svare på desse undersøkingane , og svarprosenten er høg.

I skuleutvikling har vi arbeidd kontinuerleg dei siste åra med vurderingspraksis og vurdering for læring. Skuleåret 2023/2024 sette vi i gang eit prosjekt der målet er å få elevane til å medverke og involvere seg meir i eiga faglege og sosiale læring og læringsprosessar. Elevane skal delta aktivt i planlegginga av undervisning, der dei blir kjende med kva dei skal lære og korleis dei skal lære, og elevane skal delta aktivt i planlegginga av vurderingssituasjonar der dei er kjende med kva som blir vurdert og korleis det blir vurdert. Knyta til dette utviklingsprosjektet har vi laga malar for elevstyrte utviklingssamtaler og elevstyrte fagsamtaler, der Elevane må delta aktivt i planlegging og gjennomføring av utviklingssamtaler og fagsamtaler.

## 4. Skoleårsresultat

### 4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

#### 4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2023-24, prosent	90 %
------------------------------------------------	------

#### 4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Studiespesialisering	92,3	91,7	50,0	83,9
Idrettsfag	84,6	87,5	100,0	90
Helse og oppvekstfag	100,0	-	-	100,0
Restaurant og matfag	-	83,3	-	83,3
Naturbruk	89,8	100	-	96,4
Total	89,8	91,5	87,5	90

#### 4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Stranda	94,1%	92,9%	88,9%	93,9%	90.0%
Fylket	91,2%	91,4%	89,6%	89,6%	87,5%

#### 4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen har ei målsetting om gjennomføring på minst 90 % på alle utdanningsprogram. I 2023/2024 hadde avgangselevane ei gjennomføring på 90 %, og vi er godt nøgde med dette og det er innafor målsettinga vi har satt oss. Skulen har gode rutinar og tett oppfølging og god praksis med å følgje opp dei elevane som ikkje fullførar og består.

Nokre få elevar bruker litt meir tid på å fullføre, bl.a dei som gjekk på studiespesialisering, men dei aller fleste som går hos oss består vidaregåande opplæring.

## 4.2 Karaktersnitt

### 4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Studiespesialisering	4,17
Idrettsfag	4,27
Helse og oppvekstfag	4,30
Restaurant og matfag	3,81
Naturbruk	3,85

### 4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23	2023–24
Stranda vidaregåande skule	4,35	4,15	4,16	4,26	4,14
Fylket	4,22	4,26	4,24	4,21	4,20

### 4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Gjennomsnittleg poengsum frå grunnskulen har lege relativt stabilt dei siste åra, og resultata elevane her på skulen oppnår har lege forholdsvis stabilt dei siste åra. Det er årlege variasjonar som ligg litt over og litt under snittet for Fylket.

## 4.3 Fråvær

### 4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timer. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timer	Totalfråvær, prosent
Totalt	6,6	17,0	5,3%
Vg1	7,2	15,3	5,4%
Vg2	5,1	15,9	4,4%
Vg3	8,3	23,3	6,9%
Vg4			

### 4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Stranda vidaregåande skule	4,5%	3,7%	3,6%	5,1%	5,3%
Fylket	3,5%	2,5%	2,7%	6,5%	7,0%

### 4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Tabellen nedst viser at totalfråværet ved skulen har stege noko dei to siste åra, men totalfråværet ligg under snittet i Fylkeskommunen. Skulen har likevel god gjennomføring, og vi har ikkje registrert høgare del elevar som ikkje får karakter pga for høgt fråvær.

## 4.4 Elevar som har slutta

### 4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2023-24

Prosent	Tal
1,5%	2

## **4.4.2 Elevar som har sluttar siste fem år, prosent**

	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23	2023–24
Stranda vidaregåande	0,6%	2,4%	2,6%	2,0%	1,5%
Fylket	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%

## **4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse**

Det er få elevar på Stranda vgs som sluttar, og vi ligg i 2023/2024 under snittet for fylket.

Dei få som gjer det sluttar da ofte heilt i starten av eit skuleår eller dei bytter skule. Nokre få av elevane våre bytter kvart år studieprogram innafor eigen skule.

## 4.5 Overgangar

I samarbeid med leiinga og rådgjevarar på ungdomskulane i inntaksområdet vårt legg vi til rette for god informasjon om vidaregåande opplæring og om overgangen til vidaregåande. Dei elevane som er søkt inn med tilleggsskjema invitere vi saman med føresette til møte på skulen på våren medan dei går i 10.klasse.

Elevane våre har tettoppfølging frå kontaktlærarar når det gjeld deira faglege og sosiale utvikling og læring. Både kontaktlærar og rådgjevar er tett på i oppfølging av karriererettleiing for alle elevane på alle trinn. I dette arbeidet brukar vi den digitale løysinga karriereverktøy.no som grunnlag for samtalar mellom elev og kontaktlærar med fokus på karriere . Målet med dette arbeidet er å auke elevane si motivasjon for læring , og for å legge til rette for gode val av vidare utdanning og yrke.

Gjennom eit nært samarbeid med lokalt næringsliv og ulike bedrifter har yrkesfagselevane mykje relevant praksis i opplæringa, ein dag i veka på Vg1 og to dagar i veka på Vg2. Dette gir eit godt grunnlag for val av programområde på Vg2 og eit val av lærebedrift etter Vg2. Faglærarar og kontaktlærarar lukkast særskilt godt med å rettleie og formidle elevane vidare til opplæring i bedrift som lærlingar. Dei få elevane som har behov for det, får oppfølging frå skulen og faglærar heile vegen fram til fagbrev.

## 5. Leiing og profesjonsutvikling

Ut frå oppdragsavtala vår med Møre og Romsdal Fylkeskommune og kompetanse-med sjefen har vi utarbeidd ein handlings- og tiltaksplan for skuleutvikling og profesjonsutvikling. Den viktigaste kompetanseutviklinga skjer i skulekvardagen gjennom praksis, og deling av kunnskapar og ferdigheter. Vi arbeider kontinuerleg for å utvikle profesjonsfellesskapet på skulen, dette inneber å leie og å delta i lærande prosessar som tek utgangspunkt i forsking og erfaring for å utvikle kompetansen til alle tilsette på ein slik måte at det kjem elevane til gode.

I dette arbeidet med skuleutvikling la vi vekt på 3 satsingsområde skuleåret 2023/2024. Dette er knytt til elevmedverknad og aktiv deltaking som fremmer god fagleg og sosial læring. Målet er at elevane skal medverke og involvere seg meir i planlegging og gjennomføring av undervisning og vurdering. Vi har utarbeidd ein eigen mal for elevstyrte utviklingssamtalar som elevane og kontaktlærarane har hatt gode erfaringar med å bruke. Det andre satsingsområdet er eit trygt og godt læringsmiljø og tydeleg klasseleiing gjennom å skape gode relasjonar mellom lærar og elev og gode relasjonar mellom elevane. Det tredje satsingsområde for skuleutvikling er elevane og lærarane si digitale kompetanse og utvikling. Der har vi jobba aktivt med bruk av KI i undervisning, læring og vurdering.

Her på Stranda vgs har vi jobba aktivt med kompetanseløftet for inkluderande praksis og tilpassa opplæring skuleåret 2023/2024. Vi har ein praksis der flest mogleg av elevane skal være integrert og få si undervisning i ei klasse, og 98.5 % av elevane våre hadde i fjor si tilpassa opplæring i klassene. Vi har nokre lærarar med spesialpedagogisk kompetanse, men mykje av den tilpassa opplæringa er det faglærarar som planlegg og gjennomfører.

Skuleutvikling og profesjonsutvikling er eit kontinuerleg arbeid, og dei satsingsområda vi har arbeidd med i 2023/2024 har vi og på handlingsplanen og tiltaksplanen for 2024/2025.





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)